

Skalden frå Sæheim

VÅRSONG!

No kjem våren!
Soli skin so varmt frå Himmelklåren.
Jordi løyses or sitt kvite vinterskrud.
Fuglegrar kjem frå landi langt i sud.
Livet vaknar!
Vinterkulden flyr, og stormen spaknar.

Sjå på bøen!
Snart hev soli teke heile snøen.
Der kor borni glade ski og kjelkar drog,
gjeng no bonden varm og styrer hest og plog.
Sveitten silar!
Stein for stein lyt opp med hesten kvillar.

Vinden susar —!
Snøen kvery i fjelli. Elvi brusar —!
Stundom vert ho sver, og lagar seg til flaum.
- Jord og tre og stein der rek med stride straum —
Set so kosen
Gjennom foss og fall — mot elveosen.

Høyr på staren — —!
Jaumen er der kome liv i karen!
Spring og flyg og smett og leikar til og frå,
snart på stovetaket, snart mot himlen blå, ...
opp i lidi.
Syng og trallar gjer han heile tidi.

Der kjem erla —!
Sjå kor koseleg ho sit, den perla!
Gløgge augo blenkjer, ser seg vart i kring.
Rett no fyk ho opp og gjer ein liten sving —
Sprett or vegen —!
Kvittrar gjennom lufti, glad og fegen.

Nei, sjå lidi —!
Det skal vera visst ho fyl med tidi — —!
Hev nok tenkt å gjera kledebyte snart.
Vil kje lenger standa klædd i berre svart:
Grøne spirer
ut frå kvar den grein som augo stierer.

Snart kjem blomen —!
Er han ikkje snart or moldi komen — —?
Fyrst kjem ein for ein og sidan tusundtal:
Skin i alle fargar, pryder fjell og dal!
Gud til æra —
Fagre vår! Velkomen skal du vera!